

**Detaljregulering for  
Langøy – Ospeneset akvakulturområde  
Plan-ID: 1263-201606**

**FØRESEGNER**

**§ 1 REGULERINGSFØREMÅL**

§ 1.1 Det regulerte området er vist på plankartet datert 01.06.2017.

§ 1.2 Arealet innanfor plangrensa er regulert til følgjande føremål:

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL § 12-5, 2. ledd nr.5)

- Naturvern (LNA)

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL. § 12-5, 2. ledd nr. 6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)
- Akvakultur (VA)
- Naturområde (VN)
- Friluftsområde (VFR)
- Kombinert føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone. Ferdsel og akvakultur (VKA)

BESTEMMELSESOMRÅDE (PBL. § 12-7, 1. ledd)

- Vilkår for bruk av arealet, bygninger og anlegg (#)

OMSYNNSZONE (PBL. § 12-6)

- Bandleggingssone for naturvern (H720)

**§ 2 GENERELLE FØRESEGNER**

§ 2.1 Det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med tiltak kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærmere granskning på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2. ledd. Ved påvising av kulturminne i sjø skal Bergen Sjøfartsmuseum varslast.

§ 2.2 Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova krev godkjenning frå ansvarleg mynde.

§ 2.3 Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at tilstøytande område ikkje vert utsett for fare, skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket.

§ 2.4 Allmenn ferdsle er tillatt i ei sone på 20 meter frå flytere/merkebøyer på akvakulturanlegga. Fiske er tillatt inntil 100 meter frå flytere/merkebøyer på akvakulturanlegga.

§ 2.5 Forureining

Produksjonen skal foregå i tråd med kvar tids gjeldande utsleppsløyve etter forureiningslova. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, miljøovervaking, utslepp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.

Verksemder knytt til akvakultur skal forholde seg til krav om støynivå etter gjeldande statlege retningsliner for industristøy, T-1442. Støyutsett busetnad skal skjermast etter gjeldande statlege retningsliner for industristøy.

Anlegg med tekniske detaljar skal generelt utformast slik at de gir minst mogleg støy og evt. lydisolerast.

### **§ 3 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL**

#### **§ 3.1 NATURVERN**

Arealet omfattar landområdet innanfor sjøfuglreservatet Grønningen. Området er verna etter naturvernlova og bruken av området skal skje i tråd med kvar tids gjeldande forskrift for området.

### **§ 4 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG**

#### **§ 4.1 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG**

Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdslle og fiske. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdslle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for nødvendig fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett. Desse tiltaka skal ikkje hindre passasje for småbåtar innanfor formålet.

Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksem, skal ikkje tillatast i nærleiken av områda avsett til akvakulturformål.

#### **§ 4.2 AKVAKULTUR**

Føremålet er delt inn i to delområde; VA1 (Langøy) og VA2 (Ospeneset). Områda VA1 og VA2 er knytt til akvakultur i sjø. Innanfor føremålet kan det drivast og oppførast tiltak knytt til akvakultur, dette omfattar mellom anna fôrflåte, fortøyingsrammar med merdar, fôrslagar, straumnett, samt fortøyningar. Det er tillatt å erstatte eksisterande anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar.

Plassering og utforming av tiltaka, samt produksjonsmåte, artar og type teknologi skal fastsetjast nærmere søknad etter anna lovverk/akvakulturlova m.fl.. Vilkår for drift (t.d. maksimalt tillatt biomasse (MTB)) skal følgje dei til kvar tidsgjeldande løyver gitt i konsesjon og reguleringar i forskrifter.

Farge- og materialbruk på fôrflåten skal medverke til å dempe anlegget sitt uttrykk, samstundes som tryggleik for sjøverdsferdsel vert teke i vare. Det skal leggast vekt på ryddigkeit på anlegget.

Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksem, skal ikkje tillatast på områda.

#### **§ 4.3 NATUROMRÅDE**

Arealet omfattar sjøområdet innanfor sjøfuglreservatet Grønningen. Området er verna etter naturvernlova og bruken av området skal skje i tråd med kvar tids gjeldande forskrift for området.

#### **§ 4.4 FRILUFTSFOMÅL I SJØ OG VASSDRAG**

Føremålet er friluftsliv på sjø. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med formålet er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for nødvendig fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett. Desse tiltaka skal ikkje hindre passasje for småbåtar innanfor formålet.

#### **§ 4.5 KOMBINERT FØREMÅL I SJØ OG VASSDRAG: FERDSLLE OG AKVAKULTUR**

Føremålet er fleirbruksområde for ferdslle og akvakultur. I området er det tillate med justering av plassering og mindre endring av akvakulturanlegg. Dette omfattar flytting og skifte av fôrflåte, flytting, skifte og tilpassing av fortøyingsrammar med merdar, samt flytting, skifte og nye fôrslangar, straumnett, fortøyningar, og andre liknande tiltak.

I området er det høve til å føre fram kablar for tilføring av elektrisitet.

Det er tillate å erstatte eksisterande anleggskonfigurasjon med ny teknologi og driftsmåtar.

Tiltak som kan hindre eller forstyrre akvakulturverksem, skal ikkje tillatast i nærleiken av områda avsett til akvakulturformål. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med ferdsel eller akvakultur er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for nødvendig fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.

Tiltak i området skal spesielt avklarast med omsyn til bileia Masfjorden, og navigasjonsinnretningar.

## **§ 5.0 FØRESEGNOMRÅDE**

§ 5.1 #1 ved Ospeneset viser eksisterande plassering av fôrflåten på sjøflata. Justering og endring av fôrflåten er tillatt innanfor området fram til at rekkefølgjekrav §7.1 slår inn.

## **§ 6.0 OMSYNSSONER**

### **§ 6.1 BANDEGGINGSSONE FOR NATURVERN (H720)**

Sona viser område verna etter naturvernlova; Sjøfugl reservatet Grønningen. Området er regulert i FOR-1987-04-03-297.

## **§ 7.0 REKKEFØLGJEKRAV**

§ 7.1 Fôrflåten på Ospeneset skal flyttast nordvest for fortøyingsrammene, innanfor VKA2, når det vert søkt om konfigurasjonsendring.

Stord, 01.06.2017

Revidert 28.06.2017 (adm.)

Stord, 11.09.2017